


# Sluttrapport Ung Kraft-fondet



Austarheim skule 2025





# Kva ville de få til med tiltaket?



- Å gjera naturfagsundervisninga meir interessant for elevane gjennom praktisk arbeid ved sida av teori.
- Skapa forståing og interesse for realfag.
- Legga til rette for utvikling av nysgjerrigheit kring elektrisitet og magnetisme.



# GJORT



- Pengane vart brukt til to forskingskoffertar. Ein for forsøk med straum og ein for forsøk med magnetisme.
- Koffertane har me brukt på fleire klassetrinn for å gjere naturfag meir praktisk. Det er enklare for elevane å forstå korleis korleis magnetisme og straum fungerer når dei får oppleve det sjølv, og ikkje berre lese om det i ei bok.





# LÆRT

- Elevane trivst godt med ei praktisk tilnærming til naturfag. Det viser både engasjementet i timane og spørjeundersøkinga på korleis dei synes naturfagstimane har vore i haust når koffertane har vorte nytta.
- Praktisk læring inkluderar fleire elevar i læring. Ikkje alle trivst like godt med ei teoretisk tilnærming. Praktiske oppgåver opnar opp for ei djupare læring.
- På biletet er elevane på 7. trinn ute å testar eit “heimelaga” kompass.



# LÆRT

## – Det er mykje kjekkare å gjera forsøka enn å lesa om det i ei bok...

**Kva er egentleg straum, og korleis flyttar straumen på seg?**

6. klasse fekk testa ut innhalde i skulen sin nye elektrisetskoffert til å finna ut meir om kva stoff som leier straum. Klassen blei delt inn i grupper. Dei fekk deretter i oppgåve å finna tolv gjenstandar som dei skulle testa om leia straum. Før dei prøvde, skulle dei sama gjera seg opp ei meining om dei trudde forsøksgjenstandane ville leia straum eller ikkje, altså laga ein hypotese.

Med gjenstandar og hypoteser klare, fekk gruppene utlevert lypærer, batteri og leidningar. Så gjaldt det å kobla dette saman slik at dei enkelt kunne gjera gjenstandane til ein del av straumkrinsen.

Og så blei det lys.

I alle fall av og til. Alle dei fire gruppene arbeidde ivrig med å testa ut om teorien deira stemte. Og fekk rett på dei fleste teoriene, men ikkje alle...


Under oppsummeringa etter endt forsøk, kunne klassen i fellesskap konkludera med at metall stort sett var gode straumleiarar, medan tre og plast ikkje leia straum. Og gjengen var samstemte i at det å gjera praktiske forsøk er noko dei gjerne vil gjera (mykje) meir av...



# LURT



- For at koffertane skal nyttast framover er det viktig at alle kjenner til at me har dei, og at alle veit kvar dei er å finne.
- Koffertane og forsøka ein kan gjere er godt forklart i hefta som følger med, det er enkelt å setje seg inn i korleis ein skal gjere det. Her er det noko for alle klassetrinn.
- Utstyret i koffertane er til stor hjelp for å lære elevane om å stille hypotesar og teste desse. Kor varmt blir eit batteri? Det utforskar eleven på biletet.



# Vurdering av måloppnåing

## Eigne målsettingar frå søknad

| Målsetting frå søknad                                   | Mål nådd | Mål delvis nådd | Mål ikkje nådd |
|---------------------------------------------------------|----------|-----------------|----------------|
| Gjere naturfagsundervisninga meir praktisk              | X        |                 |                |
| Gjere naturfagsundervisninga meir interessant           | X        |                 |                |
| Skapa interesse for realfag                             |          | X               |                |
| Utvikle nyskjerrigheit kring elektrisitet og magnetisme | X        |                 |                |

# Vurdering av måloppnåing

## Ung Kraft-fondet

| Overordna målsettingar for Ung Kraft-fondet                                                 | Mål nådd | Mål delvis nådd | Mål ikkje nådd |
|---------------------------------------------------------------------------------------------|----------|-----------------|----------------|
| Tiltaket har ført til meir trivsel og læring som gjer Sauda til eit meir levedyktig samfunn | X        |                 |                |
| Tiltaket har bidrege til meir nysgjerrige, oppdagande og skapande barn/unge                 | X        |                 |                |
| Tiltaket har løfta arbeidet med nytenking og entreprenørskap i barnehagen/skulen            | X        |                 |                |
| Tiltaket har bidrege til meir demokrati i praksis                                           | X        |                 |                |

# Rekneskap

Pga. Prisauke på naturfagskoffertane måtte skulen dekke eit mellomlegg på 1450,- (me fekk 16 000,- av Ung Kraft).

| Varenr | Varetekst                            | Antall | Pris     | % | Sum      |
|--------|--------------------------------------|--------|----------|---|----------|
| 24002  | Magnetismekoffert, 15 grupper        | 1      | 7 640,00 |   | 7 640,00 |
| 24118  | Elektrisitetskoffert, 15 elevgrupper | 1      | 6 040,00 |   | 6 040,00 |
| 50002  | Frakt Schenker                       | 1      | 280,00   |   | 280,00   |

Ref 2310-01  
vedr. Austarheim skule  
bestilt v/ Hilde Åbø Eeg

|                          |                  |
|--------------------------|------------------|
| Sum eks mva              | 13 960,00        |
| + 25% m.v.a. av kr 13960 | 3 490,00         |
| <b>Totalsum</b>          | <b>17 450,00</b> |

Lagret som EHF-faktura